

Ved innlogging på nettsida blir det lagra informasjon om kven som loggar inn og kvar ein loggar inn frå. Hallingdølen nyttar informasjonen for å avdekka misbruk av abonnement. Brukarnamn og passord til Hallingdølen digitale produkt må ikkje delast med andre enn dei som er fastbuande på abonnentens bustadadresse. Eg forstår Abonnementvilkår

Hallingdølen kultur

LAURDAG 14.FEBRUAR 2015



Valkyrien Allstars: Erik Sollid (f.v.), Magnus Larsen, Tuva Syvertsen og Martin Langlie.

KJØP BILDE FULL STØRRELSE

Mørk og suggererande folkrock

■ Det lukta bål og tjøre av konserten til Valkyrien Allstars – mørk, groovy og suggererande folkrock.

Relaterte artiklar

30.01 – Draumen er å bli lei mine låtar

Tor Folgerø

Publisert: 30.01.15 12:08 Oppdatert: 30.01.15 12:08

[Skriv ut](#) [AAA](#)

0

Opningskvelden vart eit varsel om at det ligg an til ei kulturhelg utanom det vanlege. Etter ein time oppvarming frå snart plateaktuelle Borgar Storebråten, tok Valkyrien Allstars over scenen på Sundreball.

Bandet debuterte i 2007 og vart fort eit av landets mest ettertrakta liveband. I fjor gav bandet ut sitt fjerde album, «Farvel slekt og venner», som vart nominert til Spelemann. På Sundreball spelte dei både ferske låtar og materiale frå tidlegare album.

Bandet har røter i norsk folkemusikk, men har skapt sitt heilt eige musikalske uttrykk. Den rå og håse stemma til villvetta Tuva Syversen er serverte mørk og mystisk folkrock. Det er sjeldan kammermusikk frå

<http://hallingdolen.no/article/20150130/ARTIKKLER/150139986/1007>



Villvette: Tuva Syvertsen.

strykekvartettar er groovy. Det er ufatteleg kor mykje klang den samspelte kvartetten får ut av to feler, kontrabass og eit trommesett.

Valkyrien fekk folk til å trø over dørstokken. Sitjeplassane var opptekne, men det var ledige ståplassar. Dei som hadde reist seg frå sofaen heime, fekk løn for strevet. Det vart ein torsdag utanom det vanlege på bedehuset Sundrehall.

Annonse

Annonse

Annonse

Annonse

Annonse